

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201208498-4/000.T00/HANCAD

Dykkar ref.:

Bergen, 13. desember 2012

Digital kommunikasjon som hovudregel - endringar i forvaltningslova - høyring

Regjeringa legg opp til at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen for kontakt mellom forvaltninga og innbyggjarane. For at dette skal kunne gjennomførast, må forvaltningslova endrast. Hordaland fylkeskommune har motteke på høyring utkast til endringar i Forvaltningslova.


Høyringa vart behandla av fylkesutvalet 6. desember 2012. Fylkesutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

- Fylkesutvalet vurderer at teksten i §§ 16 og 17 ikkje erstattar fullt ut teksten i § 15a, og *vice versa*, og at det må gjerast endringar i alle paragrafar.
- Når det gjeld endringar i § 15a, er alternativ 2: «Digitalt førsteval for dei digitalt aktive» det alternativet som i størst grad vernar om brukarane sine interesser. Dette alternativet avgrensar ambisjonane om digitalt førsteval til dei som aktivt har registrert seg i det komande kontaktinformasjonsregisteret, og som ikkje har reservert seg i det planlagde reservasjonsregisteret.
- Når det gjeld endringar i §§ 16 og 27, er alternativ 1 det som best vernar om brukarane sine interesser. Alternativ 1 krev at vilkåra for elektronisk kommunikasjon er oppfylt dersom mottakaren sjølv har kontakta forvaltningsorganet elektronisk, 2) i løpet av de siste tolv månadene har registrert seg eller oppdatert sine opplysningar i kontaktinformasjonsregisteret og 3) ikkje har registrert seg i reservasjonsregisteret.

Med helsing



Paul J. Manger
Konst. Organisasjonsdirektør



Hanne C. Dyrnes
Seniorrådgivar

Vedlegg: Særutskrift av vedtaket i Fylkesutvalet
Saksframlegg til Fylkesutvalet



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201208498
Arkivnr. 000.T00
Sakshandsamar Dyrnes, Hanne Camilla

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	06.12.12	308/12

DIGITAL KOMMUNIKASJON SOM HOVUDREGEL - ENDRINGAR I FORVALTNINGSLOVA - HØYRING

Fylkesutvalet 06.12.12

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Fylkesutvalet vurderer at teksten i §§ 16 og 17 ikkje erstattar fullt ut teksten i § 15a, og *vice versa*, og at det må gjerast endringar i alle paragrafar.

Når det gjeld endringar i § 15a, er alternativ 2: «Digitalt førsteval for dei digitalt aktive» det alternativet som i størst grad vernar om brukarane sine interesser. Dette alternativet avgrensar ambisjonane om digitalt førsteval til dei som aktivt har registrert seg i det komande kontaktinformasjonsregisteret, og som ikkje har reservert seg i det planlagde reservasjonsregisteret.

Når det gjeld endringar i §§ 16 og 27, er alternativ 1 det som best vernar om brukarane sine interesser. Alternativ 1 krev at vilkåra for elektronisk kommunikasjon er oppfylt dersom mottakaren 1) sjølv har kontakta forvaltningsorganet elektronisk, 2) i løpet av de siste tolv månadene har registrert seg eller oppdatert sine opplysningar i kontaktinformasjonsregisteret og 3) ikkje har registrert seg i reservasjonsregisteret.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 13. desember 2012

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildred Pettersen



Arkivsak 201208498-2
Arkivnr. 000.T00
Saksh. Dyrnes, Hanne Camilla

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	06.12.2012

DIGITAL KOMMUNIKASJON SOM HOVUDREGEL - ENDRINGAR I FORVALTNINGSLOVA - HØYRING

SAMANDRAG

Gjennom digitaliseringsprogrammet "På nett med innbyggerane" legg regjeringa opp til å gjere digital kommunikasjon til hovudregelen for kontakt mellom forvaltninga og brukarane. I dag er det slik at brukarane må godkjenne at forvaltninga sender post digitalt. Regjeringa ønskjer å endre dette til at brukarane må reservere seg om dei ønskjer papirpost framfor digital post.

For å kunne oppnå dette, er det naudsynt med endringar i forvaltningslova. I høyringsbrevet vert det presentert fire ulike alternativ for endringar av §§ 16 og 27. I tillegg vert to ulike alternativ for endring i §15a, første ledd stilt opp. Høyringsinstansane er bedne om å komme med innspel kva for alternativ som best tek vare på formålet med regelverkendringa. Høyringsinstansane vert også bedne om å ta stilling til om elektronisk kommunikasjon berre skal regulerast i § 15a, eller om også §§ 16 og 27 skal endrast.


FORSLAG TIL VEDTAK

Fylkesutvalet vurderer at teksten i §§ 16 og 17 ikkje erstattar fullt ut teksten i § 15a, og *vice versa*, og at det må gjerast endringar i alle paragrafar.

Når det gjeld endringar i § 15a er alternativ 2: «Digitalt førsteval for dei digitalt aktive» det alternativet som i størst grad vernar om brukarane sine interesser. Dette alternativet avgrensar ambisjonane om digitalt førsteval til dei som aktivt har registrert seg i det komande kontaktinformasjonsregisteret, og som ikkje har reservert seg i det planlagde reservasjonsregisteret.

Når det gjeld endringar i §§ 16 og 27 er alternativ 1 et som best vernar om brukarane sine interesser. Alternativ 1 krev at vilkåra for elektronisk kommunikasjon er oppfylt dersom mottakaren 1) sjølv har kontakta forvaltningsorganet elektronisk, 2) i løpet av de siste tolv månedene har registrert

seg eller oppdatert sine opplysningar i kontaktinformasjonsregisteret, og 3) ikkje har registrert seg i reservasjonsregisteret.



Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Vedlegg: Høyringsbrev frå departementet [http://hfk-
www.docu/admisdb03.sakarkiv.download/handyrn/951202589-3-201208498-1.pdf](http://hfk-
www.docu/admisdb03.sakarkiv.download/handyrn/951202589-3-201208498-1.pdf)

FYLKESRÅDMANNEN, 20.11.2012:

Gjennom digitaliseringsprogrammet "På nett med innbyggerane" legg regjeringa opp til å gjere digital kommunikasjon til hovudregelen for kontakt mellom forvaltninga og brukarane. I dag er det slik at brukarane må godkjenne at forvaltninga sender post digitalt. Regjeringa ønskjer å endre dette til at brukarane må reservere seg om dei ønskjer papirpost framfor digital post.

For å kunne oppnå dette, er det naudsynt med endringar i forvaltningslova. I høyringsbrevet vert det presentert fire ulike alternativ for endringar av §§ 16 og 27. I tillegg vert to ulike alternativ for endring i §15a, første ledd stilt opp. Høyringsinstansane er bedne om å komme med innspel kva for alternativ som best tek vare på formålet med regelverkendringa. Høyringsinstansane vert også bedne om å ta stilling til om elektronisk kommunikasjon berre skal regulerast i § 15a, eller om også §§ 16 og 27 skal endrast.

Hordaland fylkeskommune tar utgangspunkt i brukarane sine interesser.

Ei undersøking frå Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) frå 2010/11¹ syner at sjølv om 83 % av innbyggerane nyttar PC dagleg, har 24 % av innbyggerane liten eller ingen kompetanse i bruk av digitale verktøy. Undersøkinga viser også ein klar samanheng mellom alder, utdanningsnivå og digital kompetanse. Dei yngste meistrar verktøya betre enn dei eldre, og kompetansen stig med aukande utdanning. Undersøkinga syner også at det er ein klar samanheng mellom digitalt kunnskapsnivå og tilknytning til arbeidslivet. Digital kompetanse heng også saman med om ein bruker ikt-verktøy i jobben.

Utgreiinga av advokat dr.juris Rolf Riisnæs som er lagt ved høyringsbrevet, viser til ei undersøking frå Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) som langt på veg stadfester inntrykket frå Vox si undersøking². I kapittelet "Haldningar til elektronisk kommunikasjon" seier 4 av 10 at dei føretrekker å få elektronisk post frå offentlege verksemder, mens 6 av 10 ønskjer å sende elektronisk post til offentlege mynde. Undersøkinga viser at alder, inntekt og kor ofte ein nyttar internett heng saman med om ein er villig til å kommunisere digitalt eller ikkje. Dei som nyttar internett dagleg er dei som i størst grad er villige til å kommunisere digitalt med offentlege verksemder. Det er likevel verd å merke seg at sjølv i denne gruppa, er det berre om lag halvparten som ønskjer digital, offentlig post.

Regjeringa sitt utgangspunkt er at 95 % av innbyggerane mellom 16 og 74 år har internett heime, og hevdar at det derfor er ei forventning om auka grad av offentlege tenester på nett. Undersøkingane ovanfor viser at biletet ikkje er så eintydig, og at regjeringa kanskje forserer ei naturleg utvikling og inntil vidare går på tvers av haldningane til store befolkningsgrupper.

Gjeldande rett

Forvaltningslova §§ 16 og 27 gir reglar om høvesvis varsling på førehand og melding om vedtak.

§ 27 første ledd femte punktum er slik:

"Den skriftlige underretningen kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon når mottakeren uttrykkelig har godtatt dette og har oppgitt den elektroniske adressen som skal benyttes for slikt formål."

§ 16 andre ledd tredje punktum har same materielle innhald.

Forvaltningsloven § 15a gir høve til i forskrift å gi reglar om kva for elektronisk adresse eller informasjonsteneste som skal nyttast, signering, autentisering, sikring av integritet og konfidensialitet, kvittering for mottak av elektroniske meldingar, krav til dei produkt, tenester og standardar som kan

¹ Sjå http://www.vox.no/PageFiles/13930/Fremdeles_mange_som_st%c3%a5r_igjen_webversjon_sikret.pdf

² Sjå <http://www.difi.no/filearchive/digital-forstevalg-kartlegging-av-hindringer-og-muligheter-difi-rapport-2011-3.pdf>

nyttast og forvaltninga sin rett til å sperre for brukarar som misbruker data meint for signering, autentisering, sikring av integritet eller konfidensialitet, og om kva som skal reknast som misbruk.

Departementet sine forslag til endringar i forvaltningslova

Alternative forslag til fvl § 16 (tilsvarande gjeld for § 27) (ny/endra tekst i kursiv). Alternativa er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.

Alternativ 1 (opprethalde samtykkekravet, men med presumpsjon for oppfyljing av vilkåra for dei digitalt aktive):

"Det skriftlige forhåndsvarslet kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon når mottakeren uttrykkelig har godtatt dette og har oppgitt den elektroniske adressen som skal benyttes for slikt formål. *Vilkårene for bruk av elektronisk kommunikasjon anses alltid oppfylt dersom mottakeren 1) selv har henvendt seg til forvaltningsorganet i elektronisk form, 2) i løpet av de siste tolv månedene har registrert seg eller oppdatert sine opplysninger i kontaktinformasjonsregisteret, og 3) ikke har registrert seg i reservasjonsregisteret.*"

Alternativ 2 (reint digitalt førsteval med reservasjonsrett – avgrensa til digital postkasse):

"Det skriftlige forhåndsvarslet kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon *til mottakerens digitale postkasse med mindre mottakeren har reservert seg mot å motta digital post [fra det aktuelle forvaltningsorganet].*"

Alternativ 3 (digitalt førsteval for de digitalt aktive – avgrensa til digital postkasse):

"Det skriftlige forhåndsvarslet kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon *til mottakerens digitale postkasse når mottakeren er registrert i kontaktinformasjonsregisteret, med mindre mottakeren har reservert seg mot å motta digital post [fra det aktuelle forvaltningsorganet].*"

Alternativ 4 (digitalt førsteval for de digitalt aktive ved bruk av digital postkasse eller anna høveleg informasjonssystem som til dømes Altinn):

"Det skriftlige forhåndsvarslet kan gis ved bruk av elektronisk kommunikasjon *når mottakeren er registrert i kontaktinformasjonsregisteret, med mindre mottakeren har reservert seg mot å motta digital post [fra det aktuelle forvaltningsorganet]. Forhåndsvarselet kan sendes til mottakerens digitale postkasse eller gjøres tilgjengelig som beskrevet i eForvaltningsforskriften § 8.*"

Alternative formuleringar til nytt første avsnitt i § 15a for innføring av digitalt førsteval med reservasjonsrett. Alternativa er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.

Alternativ 1 (digitalt førsteval med reservasjonsrett):

"Et forvaltningsorgan kan henvende seg til andre ved hjelp av elektronisk kommunikasjon med mindre mottakeren har reservert seg mot dette eller det er fastsatt i lov, eller i medhold av lov, at det kreves [uttrykkelig] samtykke fra mottakeren. [Dette gjelder også henvendelser som etter loven skal gis skriftlig.] Henvendelsen kan sendes til mottakerens digitale postkasse eller gjøres tilgjengelig som beskrevet i eForvaltningsforskriften § 8. [Enkle meldinger og påminnelser som ikke inneholder personopplysninger kan sendes direkte til den enkeltes varslingsadresse, jf annet ledd bokstav g) nedenfor.]"

Alternativ 2 (digitalt førsteval for de digitalt aktive):

"Et forvaltningsorgan kan henvende seg ved hjelp av elektronisk kommunikasjon *til alle som er registrert i kontaktinformasjonsregisteret* med mindre mottakeren har reservert seg mot dette, eller det er fastsatt i lov, eller i medhold av lov, at det kreves [uttrykkelig] samtykke fra mottakeren. [Dette gjelder også henvendelser som etter loven skal gis skriftlig.] Henvendelsen kan sendes til mottakerens

digitale postkasse eller gjøres tilgjengelig som beskrevet i eForvaltningsforskriften § 8. [Enkle meldinger og påminnelser som ikke inneholder personopplysninger kan sendes direkte til den enkeltes varslingsadresse, jf annet ledd bokstav g) nedenfor.]”³

Vurdering

Fylkesrådmannen er samd i advokat dr. juris Rolf Riisnæs sine vurderinger om at «Innføring av digitalt førstevalg skjer først og fremst av hensyn til effektivisering av forvaltningens tjenester.» (utgreiinga s 13) og at « Når det offentlige ønsker å forsere en utvikling i retning av elektronisk kommunikasjon, påhviler det forvaltningen en særskilt plikt til å legge til rette for at ikke enkeltpersoner blir dårligere i stand til å ivareta sine interesser enn før omleggingen» (utgreiinga s 16).

I disse vurderingane ligg det at viss ein likevel skal innføre digital kommunikasjon som hovudprinsipp, er det viktig at løysingane ein vel vert oppfatta som enkle, hensiktsmessige, tillitsvekkande, og at brukarane får tilstrekkeleg informasjon om løysingar og rammevilkår.

Fylkesrådmannen vurderer det vidare slik at teksten i §§ 16 og 17 ikkje erstattar fullt ut teksten i § 15a, og *vice versa*, og at det må gjerast endringar i alle paragrafar.

Når det gjeld endringar i § 15a meiner fylkesrådmannen at alternativ 2: Digitalt førstevalg for dei digitalt aktive er det alternativet som i størst grad vernar om brukarane sine interesser. Dette alternativet avgrensar ambisjonane om digitalt førstevalg til dei som aktivt har registrert seg i det komande kontaktinformasjonsregisteret, og som ikkje har reservert seg i det planlagde reservasjonsregisteret.

Når det gjeld endringar i §§ 16 og 27 meiner fylkesrådmannen at alternativ 1 er det som best vernar om brukarane sine interesser. Alternativ 1 krev at vilkåra for elektronisk kommunikasjon er oppfylt dersom mottakaren 1) sjølv har kontakta forvaltningsorganet elektronisk, 2) i løpet av dei siste tolv månadene har registrert seg eller oppdatert sine opplysningar i kontaktinformasjonsregisteret, og 3) ikkje har registrert seg i reservasjonsregisteret.

³ Referansen til «annet ledd bokstav g)» viser til heile teksten i §15a som er framstilt i utgreiinga frå advokat dr. juris Riisnæs.